

29. sesongen med PLC vert snart sparka i gang

Det heile konkurransen går ut på, er å tippa korleis tabellen ser ut ved sesongslutt i mai 2023. Dei som var med i fjor er garantert plass, elles vert plassane tildelt i den rekkjefylgja tippelappane kjem inn. Det er framleis lov å spørja vener og kjende, med stor interesse for engelsk fotball, om å vera med. (Det plass til inntil 200 deltakarar.) Hugs å skriva namna på laga TYDELEG for då går registreringa mykje raskare! Skriv klubbnamna slik dei er og ikkje briljér med kallenamn på laga, det lettar også arbeidet.

Elektronisk innlevering: Kupongen kan også scannast, eller tastast ned og sendast på e-post til: kristianvedvik@hotmail.com Vi godtek det meste så lenge kupongen kjem innan fristen. Det vert send kvittering på at tipset er motteke.

Vinnaren vil få ein premie på **8000 kr**, til ein fotballtur til England. Vi freistar elles å premiera alle frå 2. til 5. plass også. Sidan talet på deltakarar varierer frå år til år, og utgifter til porto og nettsider aukar, vil styret sjå på premielista når vi ser kor mange som vert med. Det vil seia tidleg i september.



Forutan pengar til fotballtur til England, får vinnaren vandrepokalen "Rondablikk-kruket". Dette gjeve trofeet skal vinnaren av konkurransen ha som eit synleg teikn på at han er regjerande meister, fram til ein ny er kåra. Namnet på vinnaren vert også gravert inn på kruket.

Stillinga i konkurransen, vert oppdatert på <http://www.plcnet.no>

**Kupongen må vera poststempla eller elektronisk levert seinast
1. september, eller levert nokon i styret innan midnatt same dato.**

Lukke til!

Åge Lillesandbu

Ole Magnus Røen

Kristian Vedvik

Roger Dyrøy